




MEDBORGERNOTAT

«Geografiske, politiske forskjellar før stortingsvalet 2021»

Marta Rekdal Eidheim
Marta.Eidheim@uib.no
Universitetet i Bergen
August 2021



DIGSSCORE



Medborgernotat:

Geografiske, politiske forskjellar før stortingsvalet 2021

Marta Rekdal Eidheim*

August 24, 2021

*Universitetet i Bergen. (marta.eidheim@uib.no).

Innleiing

Under Solberg-regjeringa har vi sett ei aukande mobilisering om spørsmål vi kan knytte til geografiske forskjellar, som for eksempel har kome til uttrykk gjennom protestar mot nedlegging av fødestover, forsvarsanlegg og høgskular, mot fylkesreforma og kommunereforma, og ikkje minst i den auka oppslutninga til Senterpartiet. I media er dette ofte omtala som eit distriktsopprør, og norske forskrarar og kommentatorar har kopla dette til den tradisjonelle konflikten mellom sentrum og periferi som vi kjenner frå arbeida til statsvitar Stein Rokkan (sjå f.eks 1987). I eit komparativt perspektiv trekker litteraturen gjerne fram forskjellen mellom dei urbane og dei rurale veljarane, og kontrasten mellom byar i vekst og områder som sakkar akterut på grunn av manglande næringsgrunnlag og tilhøyrande fråflytting, når ein skal drøfte politiske forskjellar basert på geografi (Rodriguez-Pose, 2018; Cramer, 2016; Jennings & Stoker, 2016). I denne litteraturen vert slike forskjellar blant anna brukt til å forklare kvifor høgrepopulistiske parti har vore på frammarsj.

I dette notatet skal vi sjå nærmare på dei geografiske, politiske forskjellane i Noreg før valet 2021. Heilt konkret undersøker eg dette:

1. Er det forskjellar i stemmepreferansar mellom folk i bygd og by, og i ulike regionar?
2. Er det forskjellar i politiske haldningar mellom folk i bygd og by, og ulike regionar?

Data og analysestrategi

Dette notatet tek utgangspunkt i data samla inn gjennom spørjeundersøkinga Norsk medborgerpanel, som er ei internettbasert undersøking som følger deltakarane over tid og er drifta av senteret Kjernefasilitet for digital samfunnsvitenskap (DIGSSCORE) ved Universitetet i Bergen. I dette notatet ser vi først på stemmepreferanse, det vil seie kva parti respondentane seier dei vil stemme på om det var Stortingsval i morgen. Dette er data samla inn i juni 2021 (runde 21). Resultata her er altså basert på ei enkelt måling, og vi er nødvendigvis ikkje interessert

i nøyaktig nivå på oppslutning, men geografiske mønster i preferansane. I vekene før valet kan det skje endringar i opinionen, og det vert nødvendigvis ikkje fanga opp med ei måling frå juni, noko ein kan ha i mente når ein les notatet.

Vidare ser vi og på haldningar og geografi. Her er det ei breidde av spørsmål der dei fleste vart stilt til deltakarane i panelet i januar 2021 (runde 20).

I dette notatet er det tre geografiske variablane som er valt ut. Den første er region, og er ei landsdelinndeling basert på folkeregistrert adresse.¹ Den andre variabelen stammar frå kva respondentane svarar på spørsmål om kva type område dei bur i. Den tredje variabelen er henta frå SSB og er ei inndeling av kommunar i sentralitetsklasser som igjen kjem frå SSB sin sentralitetsindeks.²

Under følger ei liste med variablar og spørsmålsformuleringar brukt som avhengige variablar i dette notatet:

- **Stemmepreferanse:** "Hvilket parti ville du ha stemt på dersom det var stortingsvalg i morgen?" Med dei ulike partia som svaralternativa. I dette notatet er det ikkje fokus på andre mindre parti, dei som seier dei vil stemme blankt og dei som seier dei ikkje vil stemme. Spørsmålet er henta frå runde 21 (juni 2021) av Norsk medborgerpanel.
- **Utkantmisnøye:** "Hvor enig eller uenig er du i følgende påstand: Sentrale myndigheter tar for lite hensyn til utkant-Norge." Med 7-punktsskala frå "Svært uenig" til "Svært enig". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Kommunereduksjon:** "Hvor enig eller uenig er du i følgende forslag: Norge har nå 356 kommuner istedenfor 422 som tidligere. Antallet kommuner bør reduseres ytterligere gjennom flere sammenslåinger." Med 7-punktsskala frå "Svært uenig" til "Svært enig". Spørsmålet er henta frå runde 17 (januar 2020).

¹Adresse er personopplysningar som ikkje er tilgjengeleg for forskarar. Dette er behandla etter GDPR hos databehandlar.

²Meir om den her: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/sentralitetsindeksen.oppdatering-med-2020-kommuner>

- **EØS som fordel:** "Hvor stor fordel eller ulempe vil du si at EØS-avtalen er for Norge?". Svaralternativ er på sju punkt frå "Svært stor ulempe" til "Svært stor fordel". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Omfordeling:** "Hvor enig eller uenig er du i følgende forslag: Regjeringen bør jobbe for å i større grad redusere inntektsforskjeller i samfunnet." Med 7-punktsskala frå "Svært enig" til "Svært uenig". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Bekymring klimaendringar:** "Hvor bekymret er du for klimaendringer?". Med 5-punktsskala frå "Svært bekymret" til "Ikke bekymret i det hele tatt". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Vekst framfor vern:** "Hvor enig eller uenig er du i følgende påstand: Økonomisk vekst bør sikres gjennom utbygging av industrien, selv om det kommer i strid med miljøinteresser." Med 7-punktsskala frå "Svært uenig" til "Svært enig". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Fortsatt fossil bilpark:** "I Nasjonal Transportplan 2018-29 står det et forslag om at alle nye personbiler fra 2025 skal være elektriske eller bruke hydrogen. Hvilket av utsagnene nedenfor kommer nærmest ditt syn?" Med to svaralternativ: "I 2025 bør alle nye personbiler som selges gå på elektrisitet eller hydrogen" eller "I 2025 bør det fremdeles være anledning til å kjøpe nye personbiler som går på diesel og bensin". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Støtte til mindre kjøtt prod.:** "Forskning tyder på at husdyrhald kan være negativt for miljøet. Samtidig er kjøtt- og meieriprodukter en viktig matkilde. Hvor enig eller uenig er du i følgende påstand: Norge bør halvere dagens kjøtt- og meieriproduksjon innen 2050." Med 7-punktsskala frå "Svært uenig" til "Svært enig". Spørsmålet er henta frå runde 18 (juni 2020).
- **Fordel/ulempe innvandring:** "Hvor stor fordel eller ulempe vil du si det er for

Norge at innvandrere kommer for å bosette seg her?" Med 7-punktsskala frå "Svært stor ulempe" til "Svært stor fordel". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).

- **Lettare opphold:** "Hva er din mening om flyktninger som kommer til Norge og søker asyl og deres adgang til å få opphold her? Sammenlignet med slik det er i dag, mener du det bør bli:" Med svaralternativ på 7-punktsskala frå "Mye vanskeligere" til "Mye lettere". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Tillit til stortinget:** "I hvilken grad har du tillit til Stortinget?" Med svaralternativ på 5-punktsskala frå "Ikke i det hele tatt" til "I svært stor grad". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Tillit til politikarar:** "I hvilken grad har du tillit til norske politikere?" Med svaralternativ på 5-punktsskala frå "Ikke i det hele tatt" til "I svært stor grad". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Tilfredshet med demokratiet:** "Hvor tilfreds er du med måten demokratiet fungerer på i Norge?". Med svaralternativ på 5-punktsskala frå "Ikke tilfreds i det hele tatt" til "Svært tilfreds". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).
- **Tilfredshet med regjeringa:** "Hvor tilfreds er du med dagens regjering i Norge?". Med svaralternativ på 5-punktsskala frå "Ikke tilfreds i det hele tatt" til "Svært tilfreds". Spørsmålet er henta frå runde 20 (januar 2021).

Vidare ser ein under ei liste av variablar brukt som uavhengige variablar i analysane. Dei tre første er dei som er av størst interesse i dette notatet. Dei neste er meint som kontrollvariablar for å utelukke at det er desse som ligg bak forskjellane vi ser i dei geografiske.

- **Region:** Inndelinga består av Oslo, Austlandet, Sørlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.

- **Subjektivt område:** Her har respondentane svart på følgande spørsmål: "Hvilken beskrivelse passer best på området du bor i?", og svaralternativa har vore "En storby", "En forstad eller utkanten av en storby", "En liten eller mellomstor by" og "Et bygdesentrums", "Et spredtbygd strøk". Data kjem frå fleire rekrutteringsrunder av Norsk medborgerpanel.
- **Objektivt område:** SSB har følgande seks klasser i denne inndelinga: "Mest sentrale kommuner", "Nest-mest sentrale kommuner", "Mellomsentrale kommuner 1", "Mellomsentrale kommuner 2", "Nest-minst sentrale kommuner" og "Mint sentrale kommuner".
- **Utdanning:** Denne variabelen er delt inn i låg utdanning (som tilsvarer grunnskule eller mindre), vidaregående skule og høgare utdanning. Variabelen er samla inn ved rekruttering til panelet, og oppdaterast etter kvart.
- **Kjønn:** Denne variabelen tek utgangspunkt i folkeregistrert kjønn, enten mann eller kvinne.
- **Fødselsår:** Denne variabelen er delt inn i tre større kohortar, dei som er fødde i 1959 eller før, dei som er fødde mellom 1960 og 1989, og dei som er fødde i 1990 og seinare.

Stemmepreferanse

Forskjellar i stemmegiving basert på kvar i landet ein bur, har vore gjenstand for analyse i norsk valforskning i lang tid. Rokkan og Valen dokumenterte til dømes at folk i den sørvestlege periferien var meir tilbøyelige til å stemme KrF og Venstre - eit fenomen dei tilskreiv kulturelle konfliktlinjer (knytt til religion, alkohol og språk), medan Arbeiderpartiet stod for eksempel sterkt i Nord-Norge – i det dei kalla ein klassepolarisert periferi (Rokkan & Valen, 1964; Valen & Rokkan, 1974). Meir nyleg har Berglund (2011) avdekkat at det framleis er systematisk variasjon i partioppslutning, men ikkje for alle parti, og ikkje alltid på same måte som tidlegare.

Analysen under tek sikte på å vise samanhengen mellom stad og stemmepreferanse. Spesifikt viser tala under først den siste målte oppslutninga til partia i bygd og by, målt gjennom subjektiv oppfatning og objektive mål. Ein studie av amerikanske veljarar syner at det ikkje er heilt overlapp mellom dei subjektive svara på spørsmålet om kvar folk bur og det faktiske type område folk bur, som tyder på at det er mogleg å oppleve staden ein bur på forskjelleg frå eit objektivt mål på det same (Nemerever & Rogers, 2021). Derfor inkluderer analysen desse to måtane å sjå på urban og rural levestad på. Deretter viser notatet resultat av ein regresjon der ein kontrollerer for alder, kjønn og utdanning for å sjå om effekten av område framleis er til stades når ein tek høgde for desse sentrale demografiske faktorane.

Bygd og by - subjektiv og objektiv

Under (figur 1) ser vi korleis stemmepreferansane for dei fire største partia fordeler seg i ulike type subjektive områder. Målet på område baserer seg på det respondentane sjølve oppgir som type område dei bur i. Dette er det vi kan kalle ei subjektiv oppfatning av geografi. Figur 2 viser det same, men for resten av partia.

Senterpartiet er eit av partia med den klaraste forskjellen i geografisk mobilisering. Dei gjer det særleg godt blant dei som seier dei bur i spredtbygde strøk. Motsett gjer ikkje Høgre det særleg sterkt blant dei som seier dei bur i meir rurale områder. Arbeiderpartiet si oppslutning har ikkje eit klart geografisk mønster. Partiet ser ut til å ha lågast støtte blant dei som bur i spredtbygde strøk. Framstegspartiet har heller ikkje ein tydeleg geografisk profil, men ligger an til å gjere det svakast hos dei som seier dei bur i ein storby.

Vidare viser figur 2 korleis resten av partia gjer det i bygd og by. Både SV og MDG gjer det betre blant dei som seier dei bur i storby enn andre stadar. Venstre har eit liknande mønster men i mindre skala sidan partiet har lågare oppslutning. KrF har ikkje eit klart geografisk mønster i denne figuren. Det same gjeld for Raudt.

Stemmepreferanser etter type område ein bur i
 Andel med intensjon om å stemme på parti, etter subjektivt område




Figure 1: Stemmepreferanse i subjektivt område




Figure 2: Stemmepreferanse i subjektivt område

Under ser vi illustrert korleis folk i ulike områder etter sentralitet ville stemt. Figur 3 viser dei fire største partia. Vi ser igjen eit tydeleg mønster for Senterpartiet, som har heile 38 prosent oppslutning blant respondentane i dei minst sentrale kommunene og berre 6 prosent oppslutning i dei mest sentrale. Høgre har igjen eit motsett mønster, men litt mindre tydeleg - frå 10 prosent i dei minst sentrale til 25 prosent i dei mest sentrale. Arbeiderpartiet si oppslutning verkar ikkje å vere så strukturert etter sentralitet, men partiet gjer det noko svakare i dei minst sentrale kommunene. Framstegspartiet har noko større popularitet i dei mellomsentrale kommunene, og har minst oppslutning i dei minst sentrale.

Den fjerde figuren viser resten av partia. Her ser vi eit litt anna mønster enn ved subjektivt område, og det er heller ikkje like tydeleg. Her ser vi at SV si oppslutning ikkje er like tydeleg urban. MDG ser ut til å ha lågare oppslutning til mindre sentral kommunen er, sett vekk

frå dei minst sentrale. Venstre ser ut til å ligge best an blant dei som bur i dei mest sentrale kommunene, men må kunne seiast å ha relativt låg oppslutning overalt. KrF ser heller ikkje ut til å ha særleg tydeleg mønster etter sentralitet.




Figure 3: Stemmegjeld i objektivt område

Stemmepreferanser etter type område ein bur i
Andel med intensjon om å stemme på parti, etter kommunesentralitet (SSB)




Figure 4: Stemmepreferanse i objektivt område

Region

Vidare skal vi sjå på oppslutninga til partia i regionar. Her veit vi at det har vore historiske mønster, og no undersøker vi korleis dette ser ut i 2021. Figur 5 viser at det er slåande, men ikkje overaskande, kor låg støtta er til Senterpartiet i Oslo samanlikna med andre regionar, og særleg i Nord-Norge. Høgre har svakare støtte i dei to nordlegaste delane av landet. Arbeiderpartiet har ikkje like klare forskjellar i si oppslutning, men gjer det best i Trøndelag, og dårlegast på Vestlandet. Framstegspartiet ser ut til å ha lågast oppslutning i Oslo og Trøndelag.

Figur 6 viser resten av partia. Her ser vi at SV og MDG gjer det betre blant dei som bur i Oslo enn dei som bur i dei andre delane av landet. Venstre har og sterkest oppslutning her.

Raudt ser ikkje ut til å ha klart mønster etter region. KrF gjer det ikkje overraskande best på Sørlandet.

Stemmepreferanser etter type område ein bur i
Andel med intensjon om å stemme på parti, etter region




Figure 5: Stemmepreferanse i regionar




Figure 6: Stemmepreferanse i regionar

Regresjonsanalyser

Ved hjelp av regresjonsanalyser kan vi sjå nærmere på kor vidt dei geografiske mønstera vi ser i dei deskriptive data er signifikante når vi kontrollerer for andre variablar som kan spele ei rolle. Derfor viser tabellane under resultat frå logistisk regresjon med stemmepreferanse for dei ulike partia mot resten som avhengige variablar. Tabellane viser to forskjellige modellar - ein med subjektiv område, og ein med objektivt område.

I tabell 1 med subjektivt område ser vi at Senterpartiet gjer det signifkant betre alle andre stadar samanlikna med storby, og andre regionar samanlikna med Oslo. Vi ser at det

er signifikant mindre sannsyn for å ville stemme AP i spredtbygde strøk, og signifikant meir i Trøndelag i forhold til Oslo. Vidare er det signifikant mindre sannsyn for å ville stemme på Høgre i andre typar område enn storby, og at det er meir sannsynleg om ein bur på Austlandet, og mindre i Trøndelag og Nord-Norge. Når det gjeld å ville stemme på FrP, ser vi at dette er meir truleg å gjere for dei som ikkje bur i storby, og mindre sannsynleg om ein bur i Nord-Noreg.

I tabell 2 viser same analyse for dei andre partia. Først ser vi at det er mindre sannsyn for å ville stemme Raudt i forstad og i bygdesentrum samanlikna med storbyar. Det er og mindre sannsynleg om ein bur på Austlandet og i Vestlandet i forhold til Oslo. Når det gjelder SV er det mindre sannsynleg å stemme på dei andre stadar enn storbyar. Her finner vi ingen signifikante regionale forskjellar. Å ville stemme på MDG er mindre sannsynleg i bygdesentrum enn i storby når vi kontrollerer for dei andre variablane. Det er og mindre sannsyn for å stemme på dei i andre delar av landet samanlikna med Oslo. KrF er det meir sannsynleg å stemme på andre stadar enn i storby, og Sørlandet og Vestlandet samanlikna med Oslo. Venstre har eit klart mønster - det er mindre sannsynleg at ein vil stemme på dei andre stadar enn i storby.

Tilsvarande modell der subjektivt område er erstatta med sentralitetsklassane til SSB er presentert i tabell 3 og 4. Her ser vi at det er større sannsyn for å ville stemme Senterpartiet om ein bur i kommunar som ikkje er dei mest sentrale, og på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg samanlikna med Oslo. I modellen med Arbeidarpartiet er det einaste signifikante av dei geografiske variablane at det meir sannsynleg at trøndrarar vil stemme på partiet. Når det gjelder Høgre er partiet mindre populært i mindre sentrale område, og meir populært på Austlandet, Sørlandet og Vestlandet i forhold til i Oslo. Vidare er det einaste signifikante i modellen med FrP-stemmepreferanse at det er mindre sannsyn for å stemme på partiet i dei minst sentrale kommunane samanlikna med dei mest sentrale.

I tabell 4 ser vi at det er større sannsyn for å ville stemme Raudt om ein bur i dei minst sentrale kommunane samanlikna med dei mest sentrale, og at det er mindre sannsynleg å

ville stemme på partiet på Austlandet, Sørlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg i forhold til Oslo. Med sentralitetsmålet er det i nest-mest sentrale og i mellomsentrale 1 at det er større sannsyn for å stemme på SV. Det er og mindre sannsynleg på Austlandet og på Vestlandet samanlikna med Oslo. Når det gjeld MDG er det mindre sannsyn for å ville stemme på partiet i dei tre minst sentrale kommunetypane enn i dei mest sentrale, og det er og mindre sannsynleg på Austlandet elles enn i Oslo. Å ville stemme på KrF er meir sannsynleg i mellomsentrale og nest-minst sentrale kommuner samanlikna med mest sentrale, og det er meir sannsynleg om ein bur på Sørlandet. Når det gjeld Venstre er det einaste signifikante resultatet at det er mindre sannsynleg å ville stemme på partiet i dei nest-minst sentrale kommunane.

Tabell 1

	SP	AP	H	FrP
	Model 1	Model 2	Model 3	Model 4
Bosted (ref. storby)				
Forstad/utkant av by	0.32** (0.13)	-0.04 (0.09)	0.06 (0.08)	0.33** (0.16)
Liten/mellomstor by	0.72*** (0.13)	0.09 (0.09)	-0.39*** (0.09)	0.52*** (0.16)
Bygdesentrums	1.24*** (0.13)	0.01 (0.10)	-0.58*** (0.10)	0.36** (0.18)
Spredtbygd strøk	1.62*** (0.13)	-0.53*** (0.12)	-0.85*** (0.12)	0.42** (0.19)
Region (ref.Oslo)				
Østlandet	0.53*** (0.16)	0.09 (0.10)	0.21** (0.10)	-0.22 (0.18)
Sørlandet	0.48** (0.21)	-0.02 (0.16)	-0.07 (0.15)	-0.31 (0.26)
Vestlandet	0.58*** (0.16)	-0.02 (0.10)	0.05 (0.09)	-0.03 (0.17)
Trøndelag	0.93*** (0.18)	0.34*** (0.12)	-0.56*** (0.13)	-0.37 (0.23)
Nord- Norge	1.15*** (0.18)	0.06 (0.14)	-0.50*** (0.15)	-0.72*** (0.26)
Utdanning (ref. lågare)				
Vgs	0.06 (0.14)	-0.20 (0.14)	0.13 (0.15)	0.01 (0.19)
Høgskule/Uni	-0.45*** (0.14)	-0.24* (0.13)	0.11 (0.14)	-0.85*** (0.19)
Kjønn (ref. mann)				
Kvinne	-0.20*** (0.07)	0.26*** (0.06)	-0.20*** (0.06)	-0.83*** (0.10)
Fødselsår (ref. 1959 og før)				
1960-1989	-0.02 (0.07)	-0.20*** (0.06)	-0.10* (0.06)	0.01 (0.09)
1990 eller seinare	-0.15 (0.16)	-0.89*** (0.15)	-0.87*** (0.15)	-0.60** (0.27)
Konstant	-2.62*** (0.20)	-1.02*** (0.15)	-0.82*** (0.16)	-1.87*** (0.22)
N	7466	7466	7466	7466

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Tabell 2

	R	SV	MDG	KrF	V
	Model 1	Model 2	Model 3	Model 4	Model 5
Bosted (ref. storby)					
Forstad/utkant av by	-0.29* (0.16)	-0.34*** (0.12)	-0.01 (0.15)	0.73*** (0.23)	-0.49** (0.20)
Liten/mellomstor by	-0.07 (0.16)	-0.21* (0.12)	-0.16 (0.17)	0.52** (0.24)	-0.75*** (0.22)
Bygdesentrums	-0.40** (0.19)	-0.41*** (0.14)	-0.52** (0.22)	0.84*** (0.25)	-0.61** (0.25)
Spredtbygd strøk	0.25 (0.18)	-0.48*** (0.17)	0.05 (0.21)	0.66** (0.28)	-1.11*** (0.34)
Region (ref.Oslo)					
Østlandet	-0.36** (0.17)	-0.04 (0.13)	-0.44*** (0.17)	0.04 (0.30)	0.10 (0.22)
Sørlandet	-0.21 (0.26)	0.04 (0.21)	-0.54* (0.28)	1.54*** (0.33)	0.20 (0.34)
Vestlandet	-0.40** (0.16)	0.09 (0.12)	-0.65*** (0.16)	0.93*** (0.28)	-0.11 (0.20)
Trøndelag	-0.02 (0.19)	0.19 (0.16)	-0.55** (0.21)	-0.001 (0.39)	-0.22 (0.29)
Nord- Norge	-0.06 (0.22)	0.40** (0.17)	-0.69*** (0.26)	-0.56 (0.47)	0.09 (0.32)
Utdanning (ref.lågare)					
Vgs	-0.10 (0.26)	0.19 (0.28)	-0.21 (0.36)	0.50 (0.48)	1.57 (1.02)
Høgskule/Uni	0.07 (0.25)	1.02*** (0.27)	0.59* (0.35)	0.99** (0.46)	2.26** (1.01)
Kjønn (ref. mann)					
Kvinne	0.09 (0.10)	0.60*** (0.08)	-0.10 (0.10)	0.59*** (0.14)	-0.14 (0.13)
Fødselsår (ref. 1959 og før)					
1960-1989	0.17 (0.10)	-0.04 (0.08)	0.89*** (0.12)	-0.19 (0.14)	0.46*** (0.15)
1990 eller seinare	0.72*** (0.17)	1.04*** (0.13)	1.39*** (0.18)	-0.29 (0.34)	0.88*** (0.24)
Konstant	-2.58*** (0.28)	-3.12*** (0.29)	-3.23*** (0.36)	-5.46*** (0.53)	-5.29*** (1.02)
N	7466	7466	7466	7466	7466

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Tabell 3

	SP Model 1	AP Model 2	H Model 3	FrP Model 4
Sentralitet (ref. mest)				
Nest-mest sentrale	0.34** (0.16)	0.01 (0.12)	-0.47*** (0.11)	-0.08 (0.20)
Mellomsentrale 1	0.77*** (0.16)	0.003 (0.12)	-0.69*** (0.11)	0.03 (0.20)
Mellomsentrale 2	1.25*** (0.17)	-0.01 (0.14)	-0.97*** (0.13)	0.05 (0.23)
Nest-minst sentral	1.51*** (0.18)	-0.05 (0.16)	-1.22*** (0.16)	-0.18 (0.26)
Minst sentrale	1.71*** (0.21)	-0.16 (0.21)	-1.31*** (0.23)	-0.64* (0.38)
Region (ref.Oslo)				
Østlandet	0.69*** (0.19)	0.07 (0.12)	0.38*** (0.11)	0.13 (0.21)
Sørlandet	0.22 (0.25)	-0.02 (0.19)	0.39** (0.18)	-0.03 (0.31)
Vestlandet	0.34 (0.21)	-0.04 (0.15)	0.51*** (0.13)	0.26 (0.24)
Trøndelag	0.65*** (0.23)	0.32* (0.16)	-0.08 (0.17)	-0.11 (0.29)
Nord- Norge	0.71*** (0.23)	0.10 (0.17)	0.03 (0.18)	-0.27 (0.30)
Utdanning (ref.lågare)				
Vgs	0.01 (0.14)	-0.17 (0.14)	0.16 (0.15)	-0.01 (0.19)
Høgskule/Uni	-0.55*** (0.14)	-0.19 (0.13)	0.16 (0.14)	-0.90*** (0.19)
Kjønn (ref. mann)				
Kvinne	-0.21*** (0.07)	0.27*** (0.06)	-0.20*** (0.06)	-0.82*** (0.10)
Fødselsår (ref. 1959 og før)				
1960-1989	-0.06 (0.07)	-0.20*** (0.06)	-0.08 (0.06)	-0.01 (0.09)
1990 eller seinare	-0.32* (0.16)	-0.87*** (0.15)	-0.82*** (0.15)	-0.68** (0.27)
Konstant	-2.39*** (0.19)	-1.08*** (0.15)	-0.87*** (0.16)	-1.73*** (0.22)
N	7473	7473	7473	7473

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Tabell 4

	R Model 1	SV Model 2	MDG Model 3	KrF Model 4	V Model 5
Sentralitet (ref. mest)					
Nest-mest sentrale	0.36 (0.25)	0.53*** (0.19)	-0.18 (0.22)	0.50 (0.40)	0.28 (0.30)
Mellomsentrale 1	0.42* (0.25)	0.34* (0.19)	-0.21 (0.22)	0.79** (0.39)	-0.19 (0.32)
Mellomsentrale 2	0.25 (0.28)	0.26 (0.22)	-0.50* (0.27)	0.83** (0.42)	-0.27 (0.37)
Nest-minst sentral	0.64** (0.29)	0.23 (0.24)	-1.09*** (0.37)	0.93** (0.44)	-0.93* (0.51)
Minst sentrale	0.71** (0.35)	0.26 (0.30)	-0.97* (0.51)	0.52 (0.60)	-0.48 (0.60)
Region (ref.Oslo)					
Østlandet	-0.76*** (0.24)	-0.61*** (0.19)	-0.37* (0.20)	-0.09 (0.43)	-0.46 (0.29)
Sørlandet	-0.63* (0.34)	-0.45 (0.27)	-0.36 (0.34)	1.08** (0.49)	-0.04 (0.45)
Vestlandet	-0.83*** (0.28)	-0.48** (0.22)	-0.41 (0.25)	0.59 (0.46)	-0.46 (0.35)
Trøndelag	-0.43 (0.30)	-0.37 (0.24)	-0.29 (0.29)	-0.40 (0.54)	-0.55 (0.41)
Nord- Norge	-0.57* (0.31)	-0.08 (0.24)	-0.33 (0.32)	-0.97 (0.59)	-0.10 (0.43)
Utdanning (ref.lågare)					
Vgs	-0.09 (0.26)	0.21 (0.28)	-0.20 (0.36)	0.47 (0.47)	0.89 (0.73)
Høgskule/Uni	0.11 (0.25)	1.07*** (0.27)	0.58* (0.35)	0.92** (0.46)	1.60** (0.72)
Kjønn (ref. mann)					
Kvinne	0.08 (0.10)	0.60*** (0.08)	-0.10 (0.10)	0.59*** (0.14)	-0.15 (0.13)
Fødselsår (ref. 1959 og før)					
1960-1989	0.18* (0.10)	-0.02 (0.08)	0.89*** (0.12)	-0.22 (0.14)	0.51*** (0.15)
1990 eller seinare	0.74*** (0.17)	1.10*** (0.13)	1.39*** (0.18)	-0.41 (0.34)	1.04*** (0.23)
Konstant	-2.67*** (0.27)	-3.25*** (0.28)	-3.23*** (0.36)	-5.18*** (0.52)	-4.74*** (0.73)
N	7473	7473	7473	7473	7473

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Haldningar

I litteraturen nemnd innleiingsvis er det observert haldningsforskjellar mellom dei som bur ruralt og dei som bur urbant. Dette skal vi undersøke vidare i dette notatet. Det er fleire område ein kan tenke seg at det vil vere geografiske forskjellar, men her fokuserer vi på: politikk som typisk har vore knytt til geografi, omfordeling, klima- og miljøhaldning, innvandring og politisk støtte. Strategien er her å nytte regresjonsmodellar for å svare på spørsmålet stilt i innleiinga, nemleg om det er forskjellar i politiske haldningars mellom folk i bygd og by, og i ulike regionar.

Geografisk politikk

Dei første haldningane som vert undersøkt her kan seiast å ha eit geografisk tilsnitt. I tabell ser vi resultat av OLS-regresjonsanalysane av høvesvis om ein er einig i at sentrale myndigheter ikkje tek omsyn til utkant-Noreg, om ein er einig i at ein skal redusere tal på kommunar ytterlegare og om ein synes EØS er ein fordel.

I tabell 5 modell 1 og 2 ser vi at samanlikna med storby er folk i andre typar områder (bortsett frå utkant av storby) meir einige i at sentrale myndigheter ikkje tek omsyn til utkanten, også når ein legger inn stemmepreferanse. Det same gjeld for dei som bur i regionar utanfor Oslo.

Når det gjeld semje med at det burde vere færre kommuner i modell 3 og 4 finner ein meir motstand utanfor storbyen. Det er og slik at det er meir motstand på Austlandet samanlikna med Oslo, og i Trøndelag i modell 3, og på Vestlandet i modell 4.

Til sist kan vi i modell 5 og 6 sjå på kva som påverkar korleis ein ser på EØS-avtalen. Dei som bur andre stadar enn storbyen er mindre positive til EØS. Vi finn at ein er mindre positiv på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg samanlikna med Oslo. Dette ser vi er til stades også når ein kontrollerer for partipreferanse.

Tabell 5

	Utkantmisnøye	Kom.reduksjon	EØS som fordel			
	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4	Modell 5	
Bosted (ref. storby)						
Forstad/utkant av by	0.05 (0.04)	0.05 (0.05)	-0.19*** (0.06)	-0.19*** (0.07)	-0.07 (0.04)	-0.09** (0.05)
Liten/mellomstor by	0.39*** (0.04)	0.35*** (0.05)	-0.29*** (0.06)	-0.20*** (0.07)	-0.22*** (0.05)	-0.17*** (0.05)
Bygdesentrums	0.71*** (0.05)	0.55*** (0.06)	-0.66*** (0.06)	-0.39*** (0.07)	-0.38*** (0.05)	-0.27*** (0.05)
Spredtbygd strøk	0.88*** (0.05)	0.68*** (0.06)	-0.81*** (0.07)	-0.47*** (0.08)	-0.64*** (0.06)	-0.41*** (0.06)
Region (ref.Oslo)						
Østlandet	0.37*** (0.05)	0.37*** (0.05)	-0.14** (0.06)	-0.20*** (0.07)	-0.02 (0.05)	-0.03 (0.05)
Sørlandet	0.66*** (0.07)	0.70*** (0.08)	-0.10 (0.09)	-0.11 (0.11)	-0.08 (0.08)	-0.03 (0.08)
Vestlandet	0.98*** (0.05)	1.04*** (0.05)	-0.08 (0.06)	-0.15** (0.07)	-0.14*** (0.05)	-0.14*** (0.05)
Trøndelag	1.05*** (0.06)	0.93*** (0.07)	-0.20*** (0.08)	-0.07 (0.09)	-0.24*** (0.06)	-0.15** (0.06)
Nord- Norge	1.42*** (0.07)	1.26*** (0.07)	-0.11 (0.08)	0.05 (0.10)	-0.36*** (0.07)	-0.19*** (0.07)
Partipref. (ref. AP)						
R		0.61*** (0.07)		-1.08*** (0.09)		-1.60*** (0.06)
SV		0.27*** (0.05)		-0.48*** (0.07)		-0.64*** (0.05)
MDG		-0.33*** (0.07)		0.17* (0.10)		-0.05 (0.07)
SP		0.78*** (0.05)		-0.71*** (0.07)		-0.94*** (0.05)
KrF		-0.15* (0.09)		-0.03 (0.12)		-0.12 (0.09)
V		-0.59*** (0.09)		1.00*** (0.12)		0.28*** (0.08)
H		-0.66*** (0.04)		1.04*** (0.06)		0.24*** (0.04)
FrP		0.001 (0.06)		0.46*** (0.09)		-1.03*** (0.06)
Kontrollvariablar	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Konstant	4.25*** (0.07)	4.22*** (0.09)	4.14*** (0.09)	3.89*** (0.11)	5.08*** (0.07)	5.50*** (0.08)
N	10315	7521	10991	6930	10253	7480
Adj. R-squared	0.18	0.30	0.09	0.22	0.06	0.23

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Omfordeling

I tabellen under ser vi nærmere på haldninga til omfordeling eller at staten skal redusere inntektsforskjellar. Resultata syner at det er signifikant meir støtte til omfordeling i spredtbygde strøk, og delvis i forstadar, men denne effekten forsvinn når ein kontrollerer for partipreferanse. Det er også regionale forskjellar der det i modell 1 er meir støtte i på Sørlandet, og særleg Trøndelag og Nord-Noreg samanlikna med Oslo. I modell 2 er det signifikant positiv effekt av alle regionane samanlikna med Oslo.

Tabell 6

	Støtte til omfordeling	
	Modell 1	Modell 2
Bosted (ref. storby)		
Forstad/utkant av by	-0.14*** (0.04)	-0.02 (0.04)
Liten/mellomstor by	-0.01 (0.04)	0.03 (0.04)
Bygdesentrums	0.09* (0.05)	0.07 (0.05)
Spredtbygd strøk	0.21*** (0.05)	0.15*** (0.05)
Region (ref.Oslo)		
Østlandet	0.03 (0.05)	0.09* (0.05)
Sørlandet	0.14* (0.07)	0.15** (0.07)
Vestlandet	0.04 (0.05)	0.12*** (0.05)
Trøndelag	0.32*** (0.06)	0.19*** (0.06)
Nord- Norge	0.36*** (0.07)	0.25*** (0.06)
Partipref. (ref. AP)		
R		0.56*** (0.06)
SV		0.50*** (0.05)
MDG		0.11* (0.06)
SP		-0.24*** (0.04)
KrF		-0.71*** (0.08)
V		-0.79*** (0.08)
H		-1.51*** (0.04)
FrP		-1.54*** (0.06)
Kontrollvariabler	Ja	Ja
Konstant	5.50*** (0.07)	6.10*** (0.08)
N	10309	7515
Adj. R-squared	0.04	0.34

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Klima og miljø

Eit område innanfor politikken som stadig vert meir sentralt er klima. Innanfor dette feltet kan det og tenkast at det er geografiske forskjellar i haldninga. Dette vert undersøkt i tabell 7 og tabell 8.

I tabell 7 ser vi på kva som kan påverke haldningane til to grunnsyn innanfor feltet, nemleg om ein er bekymra for klimaendringar og om ein vil prioritere vekst sjølv om det går utover miljøet. Når det gjeld bekymring for klima ser vi at ein er mindre bekymra på mindre stadar samanlikna med storbyen i modell 1. Dette vert derimot berre signifikan for dei som bur i bygdesentrums når ein kontrollerer for politisk preferanse. Samanlikna med Oslo er ein andre stadar noko mindre bekymra for klimaendringar (for Sørlandet er ikkje dette signifikan forskjellig når ein inkluderer parti i modellen). Støtte til vekst framfor vern er større i bygdesentrums og små byar samanlikna med storby, og for utkant av storby når ein ikkje kontrollerer for partipreferanse.

Tabell 7

	Bekymring klimaendringar	Vekst framfor vern		
	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Bosted (ref. storby)				
Forstad/utkant av by	-0.09*** (0.03)	0.01 (0.03)	0.15*** (0.05)	0.01 (0.05)
Liten/mellomstor by	-0.14*** (0.03)	-0.04 (0.04)	0.20*** (0.05)	0.10* (0.05)
Bygdesentrums	-0.23*** (0.04)	-0.12*** (0.04)	0.24*** (0.06)	0.12** (0.06)
Spredtbygd strøk	-0.18*** (0.04)	-0.05 (0.04)	-0.02 (0.06)	-0.03 (0.07)
Region (ref.Oslo)				
Østlandet	-0.10*** (0.04)	-0.08** (0.04)	0.05 (0.06)	-0.02 (0.06)
Sørlandet	-0.12** (0.06)	-0.09 (0.06)	0.05 (0.08)	-0.06 (0.09)
Vestlandet	-0.21*** (0.04)	-0.16*** (0.04)	0.12** (0.05)	0.08 (0.06)
Trøndelag	-0.17*** (0.05)	-0.15*** (0.05)	0.10 (0.07)	0.12 (0.07)
Nord- Norge	-0.12** (0.05)	-0.11** (0.05)	0.06 (0.07)	0.06 (0.08)
Partipref. (ref. AP)				
R		0.34*** (0.05)		-0.91*** (0.07)
SV		0.51*** (0.04)		-0.99*** (0.06)
MDG		0.90*** (0.05)		-1.49*** (0.08)
SP		-0.40*** (0.03)		0.29*** (0.05)
KrF		-0.35*** (0.06)		-0.02 (0.10)
V		0.22*** (0.06)		-0.49*** (0.10)
H		-0.44*** (0.03)		0.67*** (0.05)
FrP		-1.16*** (0.04)		1.21*** (0.07)
Kontrollvariabler	Ja	Ja	Ja	Ja
Konstant	2.98*** (0.06)	3.30*** (0.06)	4.30*** (0.08)	4.04*** (0.09)
N	10329	7526	10296	7509
Adj. R-squared	0.11	0.29	0.10	0.28

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Vidare skal vi sjå på haldninga til to meir konkrete tiltak som er foreslått for å redusere utslepp i Noreg. Det første forslaget går ut på at nye bilar frå 2025 berre skal gå på elektrisitet eller hydrogen, og sidan respondentane berre kan svare at dei enten er for eller mot, altså ein dikotom avhengig variabel, vert det her nytta ein logistisk regresjon. Det andre forslaget dreier som å kutte i produksjon av kjøtt- og meieriprodukt. Det er signifikant meir støtte til å framleis kunne kjøpe bilar som går på fossile drivstoff utanfor storbyane, noko som er signifikant også når ein kontrollerer for politisk preferanse, bortsett frå i mindre by. Samanlikna med Oslo er folk i andre regionar meir for å kunne kjøpe fossile bilar. Dette er signifikant og når ein kontrollerer for parti, sett vekk frå Sørlandet.

Støtte til å minske kjøtproduksjonen er mindre i bygdesentrum og spredtbygde strøk samanlikna med storby. Den er og mindre i Nord-Noreg, Trøndelag, på Sørlandet og Austlandet samanlikna med Oslo (ikkje signifikant i modell 4 for Austlandet).

Tabell 8

	Fortsatt fossil bilpark	Støtte til mindre kjøtt prod.		
	Model 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Bosted (ref. storby)				
Forstad/utkant av by	0.23*** (0.07)	0.18** (0.09)	-0.12 (0.16)	-0.02 (0.19)
Liten/mellomstor by	0.31*** (0.07)	0.14 (0.09)	-0.10 (0.16)	-0.08 (0.19)
Bygdesentrums	0.65*** (0.08)	0.50*** (0.11)	-0.61*** (0.18)	-0.37* (0.22)
Spredtbygd strøk	0.68*** (0.10)	0.51*** (0.12)	-0.52*** (0.19)	-0.47** (0.23)
Region (ref.Oslo)				
Østlandet	0.30*** (0.08)	0.25** (0.10)	-0.39** (0.18)	-0.23 (0.20)
Sørlandet	0.20* (0.12)	0.20 (0.15)	-0.60** (0.28)	-0.91** (0.36)
Vestlandet	0.34*** (0.07)	0.34*** (0.09)	-0.53*** (0.17)	-0.65*** (0.20)
Trøndelag	0.33*** (0.10)	0.31*** (0.12)	-0.20 (0.21)	-0.23 (0.25)
Nord- Norge	0.53*** (0.11)	0.50*** (0.14)	-0.72*** (0.24)	-0.75** (0.29)
Partipref. (ref. AP)				
R		-0.30*** (0.11)		0.63** (0.26)
SV		-0.99*** (0.09)		0.81*** (0.22)
MDG		-1.96*** (0.14)		1.23*** (0.27)
SP		0.91*** (0.10)		-0.75*** (0.20)
KrF		0.21 (0.16)		-0.60 (0.37)
V		-0.60*** (0.15)		0.09 (0.34)
H		0.51*** (0.08)		-0.26 (0.16)
FrP		1.46*** (0.16)		-1.00*** (0.24)
Kontrollvariabler	Ja	Ja	Ja	Ja
Konstant	1.36*** (0.14)	1.15*** (0.19)	3.59*** (0.24)	4.07*** (0.31)
N	10270	7490	1194	733
Adj. R-squared			0.11	0.22

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Innvandring

Eit anna område som har fått meir merksemd dei seinare åra er innvandring. I litteraturen om geografiske forskjellar kan ein lese at dei som bur i byane oftare er opne og liberale på denne fronten, medan dei som bur ruralt er meir konservative. Dette testast nærmere i tabellen under gjennom å sjå på variabelen som måler om folk meiner det er ein fordel eller ei ulempe med innvandring, og variabelen som måler om folk vil tillate fleire å söke opphold i Noreg.

Resultata i tabell 9 viser at dei som bur utanfor storbyen i mindre grad ser på innvandring som ein fordel, men berre når ein ikkje kontrollerer for partipreferanse. Samanlikna med Oslo, er det signifikant at ein i Nord-Norge i større grad ser på innvandring som ein fordel. Det er også tilfelle for Vestlandet i modell 2.

Vidare ser vi og på spørsmålet om det skal verte lettare å få flyktningar å få opphold i Noreg. Igjen er mønsteret slik at ein er meir tilbøyelag til å vere restriktiv utanfor storbyar når ein ikkje har kontrollert for parti. I modellen der det er inkludert er det berre i forstadar ein er signifikant mindre positiv.

Tabell 9

	Fordel/ulempe innvandring	Lettare opphold		
	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Bosted (ref. storby)				
Forstad/utkant av by	-0.12*** (0.04)	-0.04 (0.04)	-0.22*** (0.05)	-0.11** (0.04)
Liten/mellomstor by	-0.10** (0.04)	-0.01 (0.05)	-0.15*** (0.05)	-0.05 (0.05)
Bygdesentrums	-0.17*** (0.05)	-0.02 (0.05)	-0.20*** (0.05)	-0.07 (0.05)
Spredtbygd strøk	-0.15*** (0.05)	0.04 (0.06)	-0.12** (0.06)	0.04 (0.06)
Region (ref.Oslo)				
Østlandet	-0.06 (0.05)	-0.01 (0.05)	-0.02 (0.05)	0.08 (0.05)
Sørlandet	0.05 (0.07)	0.04 (0.08)	0.11 (0.08)	0.15** (0.08)
Vestlandet	0.05 (0.05)	0.10** (0.05)	0.12** (0.05)	0.20*** (0.05)
Trøndelag	0.02 (0.06)	0.06 (0.06)	0.06 (0.06)	0.09 (0.06)
Nord- Norge	0.25*** (0.06)	0.33*** (0.07)	0.19*** (0.07)	0.27*** (0.07)
Partipref. (ref. AP)				
R		0.19*** (0.06)		0.63*** (0.06)
SV		0.38*** (0.05)		0.68*** (0.05)
MDG		0.27*** (0.06)		0.59*** (0.06)
SP		-0.66*** (0.05)		-0.71*** (0.05)
KrF		-0.13 (0.08)		0.11 (0.08)
V		0.02 (0.08)		-0.01 (0.08)
H		-0.44*** (0.04)		-0.72*** (0.04)
FrP		-1.95*** (0.06)		-2.19*** (0.06)
Kontrollvariabler	Ja	Ja	Ja	Ja
Konstant	4.12*** (0.07)	4.52*** (0.08)	3.67*** (0.07)	4.21*** (0.08)
N	10339	7532	10298	7506
Adj. R-squared	0.06	0.23	0.09	0.34

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Politisk støtte

I litteraturen som omhandlar stad og politisk syn vert det og foreslått at dei i rurale områder kjenner seg mindre sett og hørde av myndigheitene (Cramer, 2016), noko som ein igjen kan tenke seg fører til mindre politisk tillit og oppslutning om det politiske systemet og dei som styrer. For å undersøke dette ser vi i denne bolken på fire avhengige variablar: tillit til Stortinget, tillit til politikarar, tilfredsheit med regjeringa og tilfredsheit med demokratiet.

I tabell 9 ser vi resultat av analysen av dei to tillitsspørsmåla. Folk i spredtbygde strøk, bygdesentrum og små byar har noko mindre tillit til Stortinget enn dei i storbyen. For dei i forstadar forsvinn den negative effekten når ein kontrollerer for parti. Dei på Sørlandet har noko meir tillit enn dei i Oslo, medan dei som bur i Nord-Noreg har noko mindre.

Når det gjeld tillit til politikarar ser vi at det er noko mindre tillit i mindre byar, bygdesentrum, og spredtbygde strøk samanlikna med storbyar. Her er det berre folk Nord-Noreg som har signifikant mindre tillit til politikarane.

I tabell 10 kan vi sjå forholdet mellom dei geografiske variablane og tilfredsheit med demokratiet og regjeringa. Tilfredsheit med demokratiet er signifikant mindre i spredtbygde strøk, bygdesentrum, og til dels i mindre byar (berre modell 1) samanlikna med i storbyar. Her finner vi og at det er mindre tilfredsheit med demokratiet i Nord-Noreg samanlikna med Oslo. Vidare ser vi at det er mindre tilfredsheit med regjeringa i spredtbygde strøk og bygdesentrum. I forstadar er det noko meir tilfredsheit, men ikkje når ein kontrollerer for partipreferanse.

Tabell 10

	Tillit til stortinget		Tillit til politikarar	
	Model 1	Model 2	Model 3	Model 4
Bosted (ref. storby)				
Forstad/utkant av by	-0.04*	-0.04	-0.03	-0.04
	(0.03)	(0.03)	(0.03)	(0.03)
Liten/mellomstor by	-0.06**	-0.04	-0.07***	-0.06**
	(0.03)	(0.03)	(0.03)	(0.03)
Bygdesentrums	-0.13***	-0.11***	-0.12***	-0.09***
	(0.03)	(0.03)	(0.03)	(0.03)
Spredtbygd strøk	-0.17***	-0.10***	-0.16***	-0.10***
	(0.03)	(0.03)	(0.03)	(0.03)
Region (ref.Oslo)				
Østlandet	0.01	0.01	-0.0002	-0.001
	(0.03)	(0.03)	(0.03)	(0.03)
Sørlandet	0.08**	0.08*	0.05	0.05
	(0.04)	(0.04)	(0.04)	(0.05)
Vestlandet	-0.01	-0.03	-0.01	-0.03
	(0.03)	(0.03)	(0.03)	(0.03)
Trøndelag	0.05	0.03	0.003	0.02
	(0.03)	(0.04)	(0.03)	(0.04)
Nord- Norge	-0.09**	-0.07*	-0.11***	-0.10**
	(0.04)	(0.04)	(0.04)	(0.04)
Partipref. (ref. AP)				
R		-0.54***		-0.55***
		(0.04)		(0.04)
SV		-0.08***		-0.10***
		(0.03)		(0.03)
MDG		-0.07*		-0.09**
		(0.04)		(0.04)
SP		-0.25***		-0.29***
		(0.03)		(0.03)
KrF		0.003		0.01
		(0.05)		(0.05)
V		0.001		-0.03
		(0.05)		(0.05)
H		-0.04*		-0.04*
		(0.02)		(0.02)
FrP		-0.68***		-0.69***
		(0.03)		(0.04)
Kontrollvariablar	Ja	Ja	Ja	Ja
Konstant	3.53***	3.83***	3.18***	3.48***
	(0.04)	(0.05)	(0.04)	(0.05)
N	10344	7532	10322	7515
Adj. R-squared	0.04	0.10	0.04	0.11

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Tabell 11

	Tilfredshet med demokratiet	Tilfredshet med regjeringa	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Bosted (ref. storby)						
Forstad/utkant av by	−0.03 (0.03)	−0.03 (0.03)	0.10*** (0.03)	0.01 (0.03)		
Liten/mellomstor by	−0.06** (0.03)	−0.03 (0.03)	−0.03 (0.03)	−0.01 (0.03)		
Bygdesentrums	−0.16*** (0.03)	−0.11*** (0.03)	−0.12*** (0.04)	−0.09*** (0.03)		
Spredtbygd strøk	−0.20*** (0.03)	−0.13*** (0.04)	−0.27*** (0.04)	−0.17*** (0.04)		
Region (ref.Oslo)						
Østlandet	0.04 (0.03)	0.03 (0.03)	0.07* (0.04)	0.03 (0.03)		
Sørlandet	0.02 (0.04)	−0.01 (0.05)	0.12** (0.06)	0.07 (0.05)		
Vestlandet	0.001 (0.03)	−0.01 (0.03)	0.04 (0.04)	−0.004 (0.03)		
Trøndelag	0.02 (0.04)	0.03 (0.04)	−0.13*** (0.04)	−0.04 (0.04)		
Nord- Norge	−0.15*** (0.04)	−0.12*** (0.04)	−0.29*** (0.05)	−0.14*** (0.05)		
Partipref. (ref. AP)						
R		−0.57*** (0.04)			−0.79*** (0.04)	
SV		−0.09*** (0.03)			−0.49*** (0.03)	
MDG		−0.09** (0.04)			−0.07 (0.04)	
SP		−0.27*** (0.03)			−0.02 (0.03)	
KrF		0.09* (0.05)			0.87*** (0.06)	
V		0.08* (0.05)			0.74*** (0.06)	
H		0.06** (0.02)			1.21*** (0.03)	
FrP		−0.74*** (0.04)			0.35*** (0.04)	
Kontrollvariablar	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	
Konstant	3.63*** (0.04)	3.87*** (0.05)	3.08*** (0.05)	2.77*** (0.05)		
N	10327	7521	10297	7498		
Adj. R-squared	0.04	0.12	0.03	0.39		

***p < .01; **p < .05; *p < .1

Oppsummering

Formålet med dette notatet har vore å undersøke om det er geografiske, politiske forskjellar i Noreg forut for stortingsvalet hausten 2021. Svaret er at slike forskjellar er til stades. Denne spenninga setter eit tydeleg avtrykk på norsk politikk, og gjer seg gjeldande på fleire områder.

Det er Senterpartiet som stikker seg ut som partiet med kanskje den klaraste geografiske appellen - dei gjer det veldig godt i meir spredbygde strøk og mindre sentrale områder i forhold til byar. Høgre ser ut til å ha eit noko motsett mønster, men svakare. Arbeiderpartiet verkar å ikkje ha ei tydeleg geografisk mobilisering, men gjer det noko svakare blant dei som seier dei bur spredtbygd. Framstegspartiet har heller ikkje ein tydeleg geografisk profil, men ser ut til å appellere mindre til dei som seier dei bur i storby. Motsett finn vi SV og Venstre som står sterke i akkurat denne gruppa. Raudt og MDG gjer det og betre blant storbyfolk samanlikna med dei i bygdesentrum. Samtidig når vi bruker sentralitet som mål gjer Raudt det betre i mindre sentrale enn den aller mest sentrale kommunar. Medan MDG her står signifikanxt svakare i dei minst sentrale gruppene.

Når det gjeld region finn vi at SP, ikkje overraskande, gjer det betre i alle andre regionar enn Oslo, og særleg i nord. Arbeiderpartiet har meir sympati i Trøndelag enn Oslo. Høgre er derimot svakare i nord. MDG har større appell i Oslo - noko Raudt og har, og til dels SV. KrF har, slik dei tidlegare og har hatt, meir støtte på Sørlandet og delvis Vestlandet.

Om vi vidare ser på haldningar, kan vi peike på nokre trekk. Det er tydeleg større misnøye med korleis sentrale myndigheiter ser på utkanten blant dei utanfor storbyar og utanfor Oslo. Om ein ønsker færre kommunar har og ein klar samanheng med om ein bur i by eller ikkje. Vidare er støtta til EØS påverka av kvar ein bur - både om ein bur meir ruralt, og om ein bur på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Norge er ein meir tilbøylege til å vere negativ.

Korleis ein ser på omfordeling ser noko overraskande ut til å ha ein viss geografisk dimensjon ved at vi ser at det er ein er noko meir positiv til omfordeling i meir spredtbygde strøk, og at ein er noko meir tilbøylege til å støtte omfordeling i regionar utanfor Oslo når ein har kontrollert for partisympati.

Vi såg at på klima- og miljøfeltet er det også nokre geografiske skilje. Her ser det ut til at ein er mindre bekymra i bygdesentrum samanlikna med storbyar, og mindre bekymra i andre regionar samanlikna med Oslo. Resultata tyder og på at det er ein større vilje til vekst framfor vern i bygdesentrum. På dei to konkrete politikkforsлага, er det tydelege geografiske utslag. Det er meir sannsynleg å ønske at bilparken framleis skal bestå av fossilbilar i forstadar, bygdesentrum og spredtbygde strøk. I regionar utanfor Oslo er ein og meir tilbøyelag til å meine dette. Når det kjem til kjøt- og meieriproduksjonen ser vi at det er mindre sannsynleg å ville kutte der om ein bur i bygdesentrum og spredtbygde strøk. Det same gjeld om ein bur i andre regionar enn Oslo.

Om innvandring er det nesten ikkje forskjellar mellom by og land når vi kontrollerer for kva parti ein vil stemme på, med unntak av at ein er meir restriktiv i synet på flyktningar i forstadar/utkant av byar. Vi ser nokre regionale forskjellar, der ein i Nord-Norge og på Vestlandet er meir tilbøyelag til å sjå på innvandring som ein fordel, og at ein er meir liberal på opphold for flyktningar i Nord-Noreg, på Vestlandet og Sørlandet.

Til sist kunne vi observere at det er ein viss negativ effekt av å bu i bygdesentrum og spredtbygde strøk på tillit til Stortinget. Samtidig er det ein negativ effekt av å bu i Nord-Noreg og ein positiv effekt av å bu på Sørlandet, samanlikna med å bu i Oslo. Tilliten til politikarar er noko mindre i små byar, bygdesentrum og spredtbygde strøk, samt i Nord-Noreg.

Resultata lagt fram her tyder på at det stadig er visse geografiske variasjonar både i stemmepreferanse og haldningars. Vi ser spor av historiske koplingar, som mellom KrF og Sørlandet, men også nye trendar der Senterpartiet gjer det godt i Nord-Noreg. Forskjellane representerer både moglegheiter og utfordringar for dei politiske partia. Her kan ein trekke fram kor sterkt Senterpartiet ser ut til å stå utanfor byane og i Nord-Noreg, og tilsvarande at Høgre står svakt her. Det er ingen teikn til at dei meir rurale stemmer på høgpopulistar i den norske konteksten. Ser ein på dei spørsmåla med ein klar geografisk dimensjon, er det tydeleg at her er det spor av usemje mellom by og land. I materiale presentert ser vi og at

det er lågare politisk støtte blant dei som bur i Nord-Noreg. Eit anna felt er dei konkrete klimatiltaka som får meir støtte blant dei som bur i storby enn dei som bur på mindre stadar. Dette er noko myndigheiter og dei politisk partia kan få merke i tida framover.

Til sist må det påpeikast at dei siste vekene før valkampen er ikkje gjenstand for analyse her, og det gjenstår å sjå om desse mønstera vi ser her slår ut likt i det faktiske valet 13. september.

Kjelder

- Berglund, Frode (2011). “Finnes det fortsatt regionale forskjeller i partienes oppslutning?” In: *Det politiske landskap. En studie av Stortingsvalget 2009*. Ed. by Bernt Aardal. Oslo: Cappelen Damm, pp. 163–193.
- Cramer, Katherine J (2016). *The politics of resentment: Rural consciousness in Wisconsin and the rise of Scott Walker*. University of Chicago Press.
- Jennings, Will & Gerry Stoker (2016). “The bifurcation of politics: Two Englands”. In: *The Political Quarterly* 87.3, pp. 372–382.
- Nemerever, Zoe & Melissa Rogers (2021). “Measuring the Rural Continuum in Political Science”. In: *Political Analysis* 29.3, pp. 267–286. DOI: 10.1017/pan.2020.47.
- Rodríguez-Pose, Andrés (2018). “The revenge of the places that don’t matter (and what to do about it)”. In: *Cambridge journal of regions, economy and society* 11.1, pp. 189–209.
- Rokkan, Stein (1987). “Stat, nasjon, klasse [State, nation, class]”. In: *Oslo: Universitetsforlaget*.
- Rokkan, Stein & Henry Valen (1964). *Regional contrasts in Norwegian politics*. 217-218. Chr. Michelsens institutt.
- Valen, Henry & Stein Rokkan (1974). “Norway: conflict structure and mass politics in a European periphery”. In: *Comparative Electoral Behavior*.